

Drittlei måkedritt?



Hatloy AS avd Jernvare er nå ene-forhandler av den elektroniske måkejageren "Drittlei" i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Den er nå til testing på utvalgte Sunnmørsmåser for å se om de lar seg skremme.

- Drittlei

- reduserer plagen med fugleeks-kremerter
- sender ut høyfrekvent lyd 12-16 KHz
- drives av 3 stk AA batterier (opp-ladbare). Som lades av et integrert solcellepanel. Batteriene bør opplades i lader hver 3. mnd
- aktiveres av bevegelsessensor med rekkevidde 0-10 meter
- monteres med borrelås. Fester til slette underlag, tre, metall, plast og lignende. Butikkpris Kr. 699,-

Jan Frivold har i 2-3 år gått med tanken om at høyfrekvent lyd kanskje kunne jage vekk måkene. For litt over ett år siden tok han kontakt med en fabrikk i Taiwan med sine ideer, og sam-

men har de utviklet Drittlei. – Den er testet på en lokal søp-pelfylling, og det viser seg at måker ikke vil være i nærheten av Drittlei. Jeg har også testet den på brygger der jeg har lagt ut mat. Måkene vil selvfølgelig ha maten, men det er helt forskjellig reaksjonsmønster om Drittlei er av eller på, sier Frivold. Når drittlei er på, blir måkene urolige og flyr vekk. Drittlei drives av batterier som lades av et solcellepanel integrert på toppen. Enheten aktiveres av en bevegelsessensor med rekkevidde inntil 10 meter. Det er også av/på knapp, så den kan slås av når båten er i bruk. Den fortsetter likevel å lade. Drittlei er tenkt montert i lanternemast, targabøyle eller et sted som ligger over dekk, og tåler selvfølgelig regnvær.

Eiga verksemd?

Vanylven vekst og hoppid.no arrangerer gratis kurs for dei som har tankar om å etablere eiga verksemd – men er usikre på kva som trengs – og kvar ein får hjelp. Kurset er gratis, og vert arrangert på Fiskå i Vanylven 11. september.

Går du med tankar om å starte eiga bedrift, men føler at det er ei vanskeleg avgjersle å ta? Vil du vite kva som blir kravd (personlig og formelt) for å starte ei bedrift, korleis du skal gå fram og kven som kan hjelpe deg i etableringsprosessen? Då kan dette kurset vere noko for deg!

"Skal-skal ikkje" er eit avklaringskurs der målgruppa er dei som har ein forretningsidé, og ønskjer meir informasjon og hjelp til å gjere rette vurderingar og val i samband med etablering av bedrift. Målet med kurset er at du skal få tilstrekkeleg informasjon til å kunne ta stilling til om etablering av eiga bedrift er eit aktuelt alternativ for deg eller ikkje.

Kurset er ein del av hoppid.no, som er Møre og Romsdal Fylke si satsing for å få fleire og bedre etableringar, og vert gjennomført i samarbeid med innovasjonsnettverket.



Otto Sande ved Restaurant Fosnavåg Brygge gleder seg over å lansere Fosnavåg sin eigen konjakk.

Fosnavåg med eigen konjakk

Otto Sande på Restaurant Fosnavåg Brygge gler seg over å lansere eigen konjakk. Han har hatt lyst til dette lenge, og har leita etter den heilt rette konjakken.

- Eli Beate Kvalsund frå vinimportøren Red&White kom med smaksprøver frå cognachuset Rouillet-Fransac. Der fann vi den heilt rette kvaliteten, og bestemte oss fort for å satse. No er dei første 300 flaskene klare for sal, nummererte og i flotte gåveøskjer i tre, seier ein stolt Sande.

Etiketten er det den lokale kunstnaren Arvid Urkegjerde som står for. - Eg spurte Arvid om han kunne tenke seg å bidra, noko han takka ja til med ein gong. På etiketten stend fiskarkona og ser utover havet, med Runde i bakgrunnen. For anledningen er ho flytta opp på knausen over Fosnavåg. Eg synes måleriet var kjempeflott, og gler meg til å sjå konjakken til sals på Vinmonopolet, seier Sande.

Ordførar Arnulf Goksøy og forfatter Harald Thorseth har bidrege til teksten på flaska sin bak-etikett: - Fosnavåg, som ligg i havgapet på sunnmørskysten, tyder "den løynde hamna". Denne framifrå naturhamna har vore nytta gjennom mange hundre år og har alltid vore svært viktig i utviklinga av Fosnavåg. Fiskeværet Fosnavåg tok til å vekse fram på slutten av 1700-talet. Kring 1900 skaut utviklinga verkeleg fart og særleg under vintersildfisket i 1950-åra var det


stor aktivitet i Fosnavåg. Dette var det største sesongfiskeriet i verda og var med på å sette Fosnavåg på kartet. I dag er Fosnavåg inne i ei rivande utvikling. Dei siste åra har mange offshore-reiarlag etablert seg her, og det har utvikla seg eit allsidig handelsliv i denne vakre kystbyen.

- Konjakken heiter Fosnavaag Cuvée Spéciale, og er ein utsøkt Cuvée som kjem frå hjartet av Cognac, Grande Champagne. Den har vore lagra i 25 år på franske eikefat frå Limousineskogen. Smaken er rik og elegant, med aroma av tørka frukt, valnøtter, krydder og vanilje. Den er rund og kompleks med lang ettersmak. Fosnavaag Cuvée Spéciale er ein Cognac for kjennarar, fortel Sande.

TEKST OG FOTO: MONICA IREN MOE MASDAL



Etiketten er eit måleri av kunstnaren Arvid Urkegjerde.



Ulstein og Evomec Løyer logistikkutfordringar med MODEX™

MODEX™ (patent pending) er utvikla av Ulstein Design saman med Evomec. MODEX™ er eit flyttbart dekk som vil kunne auke dekk-arealeet på eit plattform-forsyningsfartøy med 20-25 prosent.

MODEX™ (Movable deck extender) er eit ekstra lastedek som er flyttbart oppe på cargo railen til skipet. For eit plattform forsyningsfartøy (PSV) av typen ULSTEIN PX105 vil dette bety ei verdifull auke av lastedek-arealeet på 23,5 prosent (235 m²). - Samarbeidet mellom aktørane i MODEX™ sitt utviklingsprosjekt belyste tema som førte til fleire operasjonelle forbetringar enn først tenkt. Dette illustrerer kor viktig det er å samhandle og utfordre kvarandre for å oppnå synergiar som er langt større enn det ein enkelt aktør hadde oppnådd aleine, seier visekonsernsjef Tore Ulstein i Ulsteinkonsernet.

Løyer logistikkutfordringar

I utviklinga har Ulstein Design og Evomec samarbeidd med Møreforskning i Molde. Møreforskning har tilført prosjektet spisskompetanse innan logistikk-planlegging for offshore fartøy. Remøy Shipping og StatoilHydro har også delt sine erfaringar og påverka resultatet. Plattform forsyningsdesignen ULSTEIN PX105 har vore nytta som case-studie.

- Ulstein Design jaktar stadig etter forbetringar og nye løysingar som fører til meir miljøeffektive og framtidsette skip, seier designsjef Håvard Stave i Ulstein Design, og

held fram;

- Plassmangel er eit generelt problem for supplyfartøy. Dette viser seg særleg ved lasting og lossing ved installasjonane til havs. Denne innovasjonen gir ein høgare nytteverdi.

Eit forsyningsfartøy med MODEX™ kan mogleggjere lengre ruter med betening av fleire installasjonar på same tur.

- Servicegraden overfor kundane vil kunne auke, medan sannsynlegheita for alvorlige mankosituasjonar med tapt produksjonsverdi på installasjonen som konsekvens, kan reduserast. Dei økonomiske fordelane omfattar lågare kostnad og drivstofforbruk per frakta eining enn med tilsvarande fartøy utan MODEX™, om ein er i stand til å utnytte den auka dekk-kapasiteten, seier Bjørnar Aas frå Møreforskning.

Stor miljøgevinst

MODEX™ gir totalt sett ein viktig miljøgevinst då løysinga fører til at skipa vert meir effektive transportmiddel. I ei tid prega av mangel på skip, mannskap og høge operasjonskostnader, er det lønsamt både for miljø, reiar og sluttkunde å få auka nyttegraden av fartøya.

Gunstig plassering av mob-båt

MODEX™ gjev også ei meir gunstig plassering av FRC (Fast Rescue Crafts). MODEX™ gjev moglegheit til å setje ut MOB-båtar nær skipet sitt oppdrifts-senter (centre of buoyancy). Dette legg til rette for ei meir skånsam handtering ved ombordtaking av eventuelt skada personell i dårleg vær, og sikrar MOB-båt operasjonane generelt sett. Ved å køyre MODEX™ til fremre posisjon, kan pasientar fraktast direkte til

skipet sitt hospital.

Om MODEX™

MODEX™ systemet består av eit flyttbart dekk plassert på eit skinnearrangement. Lastedekket kan låst i tre førehandsdefinerte posisjonar og er mekanisk låst under transportetappar. MODEX™ kan også etterinstalleras på eksisterande skip med moderate ombyggingar.



Er du forberedt?

Gode forsikringar - gjer livet enklare om ulykka er ute.

Merethe Almestad er ein av kundefrågvarane våre med brei kunnskap innan økonomisk rådgiving. Ho kan blant anna finne ut om det løner seg for deg å samle alle bank- og forsikringstenestene dine i Sparebanken Møre.

Ta kontakt for ein uforpliktande samtale - tlf 70 02 68 74 eller merethe.almestad@sbm.no.



SPAREBANKEN MØRE